

Rapport frå opphald i Covarrubias, oktober 2017

Eg er glad for at eg har hatt høve til å opphalda meg i ein ekte spansk landsby høgt over havet, og å ha fått eit innblikk i landsbylivet, i lyset og fargane som pregar området. Motivasjonen for søknaden var nettopp dette. For «månen skine, og vegjine falle so vide» - som det i Draumkvedet skrive står.

Opphaldet i husværet vart delt mellom meg og Anne Hesvik. (Ho kom ei veke før meg, og reiste attende til Noreg også ei veker tid før meg.)

Eg kom til Covarrubias med buss frå Madrid den 10.10 med overnatting i Burgos; eg rakk så vidt å spasera opp til katedralen i Burgos og sjå på folkelivet i byen før eg reiste vidare. Sidan var vi i Burgos med ein kulturinteressert og hjelpsam, pensjonert nabo som skulle til Burgos uansett, sa han. Vi var i den store katedralen samt klosteret «The monastery of Silos».

Ein morgon tok vi drosje til den kjende landsbyen Santa Domingo del Silos og vart henta att om kvelden til avtala tid. Drosjesjåføren ville ikkje ha betalinga før etter hentinga ; det er utruleg å oppleve slik tillit.

Elles heldt eg meg nøgd i Covarrubias heile tida og treivst ikkje minst på grunn av den behagelege temperaturen. Det å kunna vera ute til kvelden i berre sumarklede i oktober var hugnadsamt. Eg gledde meg over folk eg møtte sjølv om eg ikkje forstår spansk; eg lærte nokre få nye ord kvar dag. At ukjende folk ville meg vel, at dei helsa «buenos dias» var viktig for meg. Eksistensielle tankar får vengjer når ein er på ukjend stad; tankefloget om at krinslaupet vi lever i er større enn nasjonal ulikskap. To gamle systrer gjekk i kveldssola utanfor huset av og til, og vi sat på den varme muren saman og fekk lov å ta bilete av dei. Dei forstod at vi budde i husværet til Prinsesse-Kristina-stiftinga og at vi var norske. Dei var utrulege menneske, så lukkelege og mette av dage. Og gode vener dei to. Slik er det med relasjonar, tenkte eg. Relasjonane mellom menneske gjev mest glede, men og mest sorg og tyngsle av det vi elles måtte foreta oss i dette livet.

Ein dag stod eg ved gjerdet til ei eldre kvinne og beundra dei nydelegaste rosetre så høgt poda, og som spanska seg så flott. Hagen hennar ærverdig liksom av tidlegare tiders prakt til stades; rosene friske sjølv om hausten var i emning. Ho kom nett ut av porten og skulle som snarast på apoteket, sa ho. Vi vart ståande og gestikulera litt. Å vera ei eldre kvinne, rik, og kanskje enkje inneber ikkje dei same sosiale fridomane som vanlege folk har. Dette sosiale mønsteret har eg sett på reisene mine rundt om i verda. Dess høgare mur rundt hagen og huset, dess meir isolert vert ein i alderdomen. Ofte er det slik.

Landsbylivet i Covarrubias er fredeleg. Dei som dyrkar parsellane sine er stolte av det. Vi opplevde å få lauk og tomatar hjå ein mann ein dag – det var gjev mildt av honom; hagen hans innafor verkstaden var fantastisk grøn og frodig endå vi var langt ute i oktober. Vi fekk gå ut i hagen, eg fekk meg ein kalddusj av hageslangen. Igjen skulle det vore moro å kunna språket, men eg forstod at han var ein dyktig handverkar som tok vare på gamle reiskapar og dermed gamal kultur. Verkstaden hans som hadde vore ått av bestefaren, ein hesteskysskar som hadde hatt hestestall i huset, fortalde han levande om. Dette er bror til omvisaren i St. Olavs - kapellet som let oss få koma i bodegaen og smaka på årets vin ein sundag, etter at kapellet hadde vore ope.

Det å kunna gå ut om morgonen og eta desayuno og drikka god kaffi var ein luksus eg sette stor pris på. I det heile budde vi så lettvindt og lokalt i sentrum; Covarrubias med sine freda bindingsverkshus er vel verd å oppleva. Og å ta ein tur innom ein tapas-bar på veg heim frå elvebarden der vi gjekk for å lesa og ta solbad eller gjera skisser av ungane som fanga kreps, ja det var og noko. Det var nydeleg der. Sanden var god å liggja på. Så kom hestane forbi den leida, og dei måtte vada uti. Eg går ut ifrå at det var ein rideskule like ved. Eg fekk ikkje tatt foto av dette og eg angrar litt bittert på det no.

Ein kveld var vi på orgelkonsert i kyrkja også. Orgelet er særst gammalt og klangen var stutt og konsis. Organisten var dyktig, men songarinna song falskt.

Etter siesta-tid kom borna til leikeplassen like utanfor husværet vårt for å utfalda seg. Alltid er det like fascinerande å sjå det grenselause overskotet born har i leik, det er universelt og enkelt. Undringa som born er fødde med og som vi så lett gløymer seinare i livet.

Eg legg ved eit foto av born i leik i Covarrubias, og eitt av eldre menn i samrøde ei kveldsstund. (Det siste biletet er uskarpt men eg vil dra nytte av komposisjonen.) Dette er motiv eg kjem til å arbeida vidare med og måla no framover. Så neste gong eg skal vera med på utstilling, i mars 2018, vert det truleg med arbeid frå opphaldet mitt.

Takk til Øyvind og Kari som tok i mot oss og som køyrde meg til Lerma den dagen eg reiste til Madrid igjen. Stor takk. Eg skulle gjerne koma attende til Covarrubias ein annan gong. Målet med livet er å leva og å ha stressfrie dagar og god kontemplasjon. Anten ein er på reise eller ei.

Beste helsing
Eli Raa Nilsen,
Tyssedal, 12.11-2017